


# Seglingsprogram Eintype

**1. Reglar**
ISAF`s kappsseglingsreglar 2013-2016 (RRS), aktuelle klassevedtekter og dette seglingsprogrammet for Rans Sommerregatta 2015.

**2. Tryggleik, ansvar og forsikring**
Regattaen er underlagt tryggleikskategori 6. Det er ein ufråvikeleg føresetnad at arrangøren eller nokon av foreininga sine funksjonærar, ikkje kan gjerast ansvarleg for nokon skade som rammar person eller eigedom under, eller i samband med kappseglasen.

Skipper på kvar enkelt båt har åleine ansvar for å avgjere om båten skal starte eller ikkje, eller om han skal halde fram med å kappsegle eller ikkje. Det vert tilrådd på det sterkaste å bruke redningsvest eller anna personleg flyteplagg under kappseglasen.

Kvar deltakande båt skal vera forsikra med gyldig ansvarsforsikring.

**3. Regattakontor og meldinger til deltakarane**
Regattakontoret er nede i klubbhuset til Ran Seilforening og har følgende åpningstider:
Lørdag 13. juni kl. 10.00 – 11.00

Etter seglasen er regattakontoret åpent til en time etter protestfristen.

Eventuelle endringar i seglngsprogrammet vil bli kunngjort på oppslagstavlen ved steinamfiet og på regattaens nettsider som du finner via www.ranseil.no før klokka 10.00 same dag som dei trer i kraft, bortsett frå eventuell endring i tidsprogrammet som vil verta kunngjort seinast kl. 21.00 dagen før dei trer i kraft.

**4. Signal på land**
4.1 Signal på land vil bli vist på signalmast på klubbhuset til Ran Seilforening.
4.2 Når signalflagg AP  blir vist på land skal *et minutt* i Signal for kappseglas AP erstattes med *ikke mindre enn 60 minutt*.

**5. Tidsprogram for seglasane**
Laurdag 13. juni – Eintype: fyrste varselsignal vert gitt kl. 1200
Det vert segla inntil 5 seglasar.
Det vert ikkje gjeve varselsignal etter klokka 15.30.

**6. Baneområde**

Seglasane går føre seg i anten baneområde 1 (på vestsida av Bukkholm/Apalholm) eller i baneområde 2 (aust for Austre Rotøy). Dersom det grunna rådande vêrtilhøve er uaktuelt å segla i desse områda, kan arrangøren flytta seglasane til anna baneområde, dette vert kunngjort med signalflagg L  og tre lange lydsignal.




**7. Bane, løpsskildring og bøyer**




Bøyer:
Alle bøyer vert runde raude bøyer.

Banelengde:
Fyrste klasse skal bruka ca 15 minutt frå startlinja til kryssmerket.

8. **Klasseflagg og startrekkefylgje**

| Klasse | Start nr. | Klasseflagg |
|---|---|---|
| Yngling og Laser | 1 | D |
| Express | 2 | E |
| Melges 24 | 3 | F |
| F18 | 4 | G |

**9. Startprosedyre**
Startprosedyre i samsvar med regel 26.
Det vert gitt tre korte lydstøt ca. 15 sekund før startprosedyren startar.

| **Klasse** | **Signal** | **Tid** | **Flagg** | **Lydsignal** |
|---|---|---|---|---|
| Yngling | Varsel | 5 min | opp | 1 lyd |
| | Klar | 4 min | opp | 1 lyd |
| | 1 minutt | 1 min | ned | 1 lyd |
| | Start | 0 min | ned | 1 lyd |
| Express | Varsel | 5 min | opp | 1 lyd |
| | Klar | 4 min | opp | 1 lyd |
| | 1 minutt | 1 min | ned | 1 lyd |
| | Start | 0 min | ned | 1 lyd |
| Melges | Varsel | 5 min | opp | 1 lyd |
| | Klar | 4 min | opp | 1 lyd |
| | 1 minutt | 1 min | ned | 1 lyd |
| | Start | 0 min | ned | 1 lyd |
| F18 | Varsel | 5 min | opp | 1 lyd |
| | Klar | 4 min | opp | 1 lyd |
| | 1 minutt | 1 min | ned | 1 lyd |
| | Start | 0 min | ned | 1 lyd |

Dagens andre, tredje, fjerde og femte seglasar vert starta så snart som mogleg. Startprosedyren kan difor byrja før siste båt er komen i mål.

**10. Endring av banen**
Dersom vindendringar gjer banen urimeleg skeiv, vil arrangørbåten før neste seglas startar leggja ut nytt kryssmerke og justera linja så snart som råd.

Dette vert signalisert med signalflagg V  og eit lydsignal.

**11. Avkorting**
Avkorting av seglasar kan skje ved kva som helst merke i samsvar med regel 32.2. Ved avkorting ved merke 1 vert mållina mellom merket og arrangørbåten som fører signalflagget S.



**13. Straffesystem**
Ved brot på ein regel i Del 2 kan ein båt frigjera seg ved å umiddelbart ta ei eintørnsstraff. Dette endrar regel 44.1 og 44.2.

**12. Maksimaltid**
Maksimaltid for kvar seglas er 45 minutt for fyrste båt i kvar klasse. Båtar som ikkje går i mål innan 10 minutt etter den fyrste båten i sin klasse vert notert som DNF. Dette endrar reglane 35 og A4. Maksimaltid for dagens siste seglas er klokka 1600.

**13. Protester og søknader om godtgjørelse**
13.1 Protestskjema kan du få utlevert på regattakontoret. Protestar skal leverast der innan protestfristen. Det er ingen protestavgift.
13.2 Protestfristen er 30 minutt etter at at siste båt har fullført. Samme frist gjelder også for protester fra regattakomiteen og protestkomiteen for hendingar som dei har observert i baneområdet og for søknader om godtgjersle. Dette endrar reglane 61.3 og 62.2. Opplysning om protestfrist vil bli slått opp på oppslagstavlen.

13.3 Flagg B  heist med eit langt lydsignal tyder at det er motteke protest. Signalflagg B vert firt når dagens protester er behandlet. Melding om protestar vil verta slått opp på oppslagstavla fortløpande, og seinast 15 minutter etter protestfristen sitt utløp, for å underretta deltakarane om høyringar der dei er partar eller er oppnemnd som vitne. Dette gjeld som melding til involverte båtar, òg for protestar frå regattakomiteen eller protestkomiteen, i samsvar med regel 61.1 (b). Høyringene vil skje i Ranheim.

**14. Poengsystem**
Lavpoengsystemet i Appendiks A vert nytta.

**15. Sikkerhetsregler**
Ein båt som trekkjer seg frå seglasen skal underretta komitébåten så snart som mogleg. Komitebåten lytter på VHF-kanal 16 og regattasjef Leif Jørgen Ulvatne har tlf nr. 95 11 95 25.

**16. Hamn**
Alle deltakarbåtar i regattaen er velkomen til å fortøya i Ran Seilforenings havn før og etter seglasen.

**17. Premiering**
Det vert 1/3 premiering. Etter seilasen venter det varme griller på kaien i Anglevik før premieutdelingen. Alle seilerne er hjertelig velkommen på premieutdelingen!

**19. Ansvarsfraskriving**
Deltakarar i regattaen deltek eine og åleine på eige ansvar, sjå regel 4. Arrangøren vil ikkje akseptera noko ansvar for skade på materiell eller person eller dødsfall, som har inntruffet i samband med arrangementet, verken før, under eller etter regattaen.

Spørsmål om regattaen kan rettast til regattasjef Leif Jørgen Ulvatne, tlf nr. 95 11 95 25.

*Ran Seilforening ønsker å publisere bilder fra seilasen. Send derfor inn bilder til e-post-adressen ranbilder@gmail.com innen 24 timar etter seilasen og de blir publisert i Ran Seilforening sitt bildegalleri på www.ranseil.no*

# God seilas!